

## Uttale ”Det livssynsopne samfunn”

Gol kyrkjeleg fellestråd takkar for anledninga til å uttale seg om ”Det livssynsopne samfunn”.

### **Generelle merknader:**

Gol kyrkjeleg fellestråd syns det er fint at det er sett fokus på et livssynsopne samfunn. Trus- og livssynsverdiar spelar ei sentral og viktig rolle i eit samfunn.

Europa er i dag inne i ein materiell krise, men vi må også vera merksam på at vi treng å kjempe mot ei åndeleg krise. Åndelege verdiar gir oss goder som tryggleik, kjærleik og håp.

Det er positivt at vi arbeider for eit livssynsopent samfunn i vårt land. Vi håper dette også får følgjer for forfølgde minoritetar i andre land. Dette kan skape respekt og forsoning mellom ulike religionar.

Kristen tru har vore eit fundament i landet vårt i over 1000 år og 90 % av det norske folk tilhøyrar kristne trus-samfunn. Av dette er nesten 80% i den norske kyrkja. Kyrkja har vore eit ”lim” i samfunnet både i glede og sorg. Den norske Kyrkja er landsdekkande med kyrkjer og kyrkjeleg personale i alle lokalsamfunn. Det treng ikkje vera noko motsetnad mellom å ha ei historisk majoritetskyrkje og likevel ha gode vilkår for alle andre trus- og livssynssamfunn.

### **Kap 19. Skule/barnehage/lærarutdanning**

Det er viktig å ha kunnskap om eiga og andre si tru og livssyn. Tru og livssyn er ikkje berre teori, men også ei oppleving som t.d. ei skulegudsteneste. Besøk i alle gudshus bør vera eit opent tilbod til alle elevar, men med moglegheit for alternative opplegg for dei som ikkje ynskjer å delta. Det bør vera unødvendig med aktiv påmelding for slike besøk.

Det er viktig at lærarutdanninga gir alle lærarar god nok kunnskap gjennom utdanninga til å handtere trus- og livssynsrelaterte spørsmål.

### **Kap 11.4 Val**

Seinare val viser at valdeltakinga har auka ved å leggja kyrkjevalet til same tid som det offentlege valet. Det er viktig å leggja forholda til rette for aktiv medverknad. Kyrkjelege val bør fortsatt kunne leggjast til offentlege val.

### **Kap 17: Vigsel**

Gol kyrkjeleg fellestråd støtter mindretallet i utvalet som ynskjer å fortsette den ordninga vi har i dag med vigselfrett i trus- og livssynssamfunn.

### **Kap 18: Gravferd**

Fellestrådet ynskjer at gravferdsarbeidet fortsatt skal ligge til fellestrådet. Kyrkja har lang erfaring og kunnskap i kyrkjegardsforvaltning og i møte med menneske i sorg. Dersom gravferdsarbeidet blir flytta til kommunen, bør det ligge inne muligheit for å delegere dette arbeidet til fellestråda.

### **Kap 23: Økonomi**

Fellestrådet meiner at finansiering av trus- og livssynssamfunn fortsatt skal skje via tildeling over offentlege budsjett. Det er viktig at staten tek eit særleg ansvar for å sikre drift og vedlikehald av kyrkjebygga. Mange av desse har også ein kulturhistorisk verdi.